

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar styret i Fjord Invest Såkorn AS sitt forslag om at vedtekten § 2 vert endra frå:

*«Selskapet har som føremål å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillende avkastning for eigarane.»*

til følgjande nye utforming:

*«Selskapet har som føremål å bidra til nyskaping og vekst i regionen gjennom å investere i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter med stort potensiale. Selskapet skal investere enten direkte i selskap eller fond-i-fond. Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Selskapet sin kapital og avkastning frå investeringar skal reinvesterast i nye selskap i tråd med føremålet.»*

2. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å røyste for endringa når saka skal handsamast på generalforsamlinga til selskapet 24. juni.